

# LÆRELYST

- KVALITETSPLAN FOR GOL SKULE-



**Vedteke i Kommunestyresak XX/2018**

## Innhald

Innleiing.....	3
Bakgrunn .....	3
Kvalitetsplanen .....	4
Nosituasjonen:.....	5
Mål for skulen i Gol .....	6
Overordna mål - Livsmeistring .....	6
Kvantitative mål.....	6
Kjenneteikn på god måloppnåing i eiga læring: .....	7
Føresetnader for å lukkast med det overordna målet: .....	7
Skule-heim samarbeid .....	7
Overgangar .....	8
Elevane sin trivsel og læringsmiljø .....	8
Elevane si læring.....	9
Faglege prestasjonar .....	9
Tilpassa opplæring.....	10
Grunnleggjande ferdigheiter .....	10
Vurdering for læring .....	11
SFO.....	11
Verkemiddel for å nå måla - kompetanseutvikling .....	12
Etterutdanning/kollektivt utviklingsarbeid .....	12
Vidareutdanning.....	12
Skuleeigar .....	12
Vedlegg:.....	14
Årshjul for skuleeigar.....	14
Innspel frå Gol ungdomsråd .....	15
Skuleporten lenke.....	16



## Innleiing

Kommunestyret vedtek dei overordna måla for skulen gjennom Kommuneplanen og Kvalitetsplan for Gol skule, og ser til at handlingsprogrammet legg til rette for at skulen kan nå måla sine.

Kvalitetsplanen er ein temaplan til Kommuneplanen i Gol.

Årsmeldinga og tilstandsrapporten synleggjer i kva grad skulen har nådd dei måla kommunestyret har bestemt. Handlingsprogrammet og årsmeldinga har opplisting av mål som kan teljast og målast. Tilstandsrapporten har forteljingane og opplisting av dei verdiane som i liten grad kan målast. Tilstandsrapporten seier noko om kvaliteten og læringstrykket på skulen, og om dei einskilde elevane når sine individuelle mål og strekkjer seg så langt som råd ut frå sine føresetnader.

## Bakgrunn

Gol kommune søkte i september 2015 om å få hjelp av Utdanningsdirektoratet sitt rettleiarkorps, i samband med at ny skulestruktur var etablert. Kommunen ynskte rettleiing til både skulen og skuleeigar. I snart to og eit halvt år har Gol kommune teke del i denne rettleiinga. Gol kommune ynskte å identifisere utfordringane ved samanslåing til ein skule og finne gode måtar og tiltak til å møte desse med. Vidare var det eit ynskje å skape ein vi-skule; tre skular skular skulle smeltast saman til ein skule.

Vidare var det faglege og psykososiale utfordringar innan skulen i Gol: Gol skule hadde for mange elevar med dårleg læringsutbyte i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving og rekning. For ungdomsskulen var det også mange elevar som mangla grunnleggjande ferdigheiter, og det var ei utfordring å utnytte elevane sitt faglege potensiale. Gol låg under landsgjennomsnittet på nasjonale prøver, eksamen og grunnskulepoeng. Elevmiljøet på ungdomsskulen hadde utfordringar.

Alle desse forholda har rettleiarkorpset arbeidd med.

Eitt anna tema har vore å bevisstgjere Gol kommune som skuleeigar, m.a. har rettleiarkorpset gjeve råd om at skuleeigar utarbeider ein Kvalitetsplan for Gol skule.

UKL vedtok i sak 12/17 å sette i gang ein prosess med å arbeide ut ein slik kvalitetsplan. UKL sette ned ei arbeidsgruppe med dåverande leiar i UKL Tonje B Kopstad, Rektor Ingebjørg By Teigen, Hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet Helge Fivelstad, Gol Ungdomsråd v/ Mari Risset Møllerplass og kommunalsjef for Oppvekst og kultur Hallvor Lilleslett.

Arbeidsgruppa har gjennom sju møter arbeidd ut ein Kvalitetsplan for Gol skule. Kvalitetsplanen er arbeidd ut i samarbeid med rettleiarkorpset. Planen har vore sendt ut på høyring til Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Samarbeidsutvalet, FAU og elevrådet ved Gol skule og Gol ungdomsråd.

Kvalitetsplanen gjer greie for nosituasjonen. Kvalitetsplanen gjer også greie for langsiktige overordna mål og kvantitative mål. Planen seier også litt om kva som kjenneteiknar god måloppnåing, og kva føresetnader som må til for at skulen og elevane skal lukkast i dette arbeidet.

## Kvalitetsplanen

Kvalitetsplanen er Gol kommune si melding til skulen, elevane og foreldra om kva Gol kommune som skuleeigar ventar av skulen; elevane og foreldra, lærarane og skuleleiinga. Kva ambisjonar skal skulen ha, kva ambisjonar skal elevane ha. Kva som skal til for at eleven opplever lærelyst og lærer betre.

Skulen skal ha ein profesjonell stab av lærarar, kvalitet i leiing og kvalitet i planverk. Skulen skal sjå alle elevane. Alle elevane er flinke til noko; alle har nokre sterke sider. Skulen skal stimulere alle elevar til å utvikle sine praktiske og teoretiske evner og anlegg. Skulen ved lærarane og skuleleiinga skal signalisere tru på meistring og utvikling hjå alle elevane. Det er lærarane og skuleleiinga som har ansvar for at dette blir gjennomført på ein god måte.

Haldning til skule hjå foreldre, elevar og lokalsamfunnet generelt, har mykje seie for korleis elevane meistrar skulen og liva sine.

Ein trygg skuledag utan mobbing – eit lovfesta krav til nulltoleranse. Det skal nytte å seie frå. Det er tydelege krav til kva skulen skal gjera når elevar blir krenkte eller ikkje har det trygt og godt på skulen. Dette gjeld i skuletida, på skulevegen og aktivitetar i skulen sin regi. Det er eleven si eiga oppleving som er avgjerande (Opplæringslova § 9A)

Kommunevåpenet har tre nøklar. For skulen symboliserer dette fylgjande verdiar:



*Engasjert, Inkluderande, Glad.* Desse verdiane er eit resultat av ein prosess mellom elevar og lærarar ved skulen. Skulen vil arbeide vidare med å leggje innhald i desse omgrepa.



Måla for opplæringa er definert i Opplæringslova og Læreplan for kunnskapsløftet. Læreplanverket har ein overordna del, læreplan for fag, samt fag- og timefordeling. Alle aktivitetar skal vere målretta og ha elevens læringsutbytte og læringsmiljø som primære mål. Difor må skulen jamleg vurdere sin eigen utviklingspraksis. Kompetansemåla i dei lokale læreplanane byggjer også på måla i Kunnskapsløftet.

Utdanningsdirektoratet er i gang med fornying av læreplanane og gjere dei meir relevante i innhald, tydelegare prioriteringar og betre samanheng mellom faga. Kompetansemåla i faga blir også endra. Gol skule har system for fortløpande oppfølging av læreplanar og kompetansemål og tek dette inn i undervisninga etter kvart som nye planar og kompetansemål blir vedteke av Stortinget.

### Nosituasjonen:

- Elevane i Gol trivst på skulen og det er gode relasjonar mellom elevane og mellom elevar og lærarar
- Skulen har utfordringar som gjeld mobbing mellom elevar
- Elevane i Gol har i mange år lege under landsgjennomsnittet når det gjeld faglege prestasjonar
- Det er skilnader mellom gutar og jenter i faglege prestasjonar; gutane ligg under landsgjennomsnittet for gutar, jentene ligg over landsgjennomsnittet for jenter



## Mål for skulen i Gol

Det finst ein del statistisk materiale som seier noko om kvar skulen i Gol står i høve til landsgjennomsnittet og korleis dette har utvikla seg over tid; Ståstadanalyse, statleg tilsyn om elevane sitt læringsutbytte, ekstern skulevurdering, kommunebidragsindikator, data på psykososiale tilhøve og faglege prestasjonar.

Ut frå kunnskapen ein har om Gol skule, ynskjer skuleeigar å satse på desse satsingsområda:

Det heilheitlege læringsmiljøet med fokus på

- trivsel
- lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheit.

På bakgrunn av denne informasjonen har vi vald ut fylgjande mål for skulen i Gol:

### Overordna mål - Livsmeistring

**Den enkelte elev skal få utnytta læringspotensialet og talentet sitt og oppleve trivsel og meistring.**

### Kvantitative mål

- Resultat: Gol skal minst liggje på landsgjennomsnittet når det gjeld faglege prestasjonar med særleg fokus på lesing og rekning
- Resultat: Gutane skal vera komne opp på same faglege nivå som jentene
- Læringsmiljøet: mobbetala skal gå ned mot null

- Læringsmiljø og resultat: Andel elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning skal gå ned (frå 12% til 8% eller mindre)
- Gjennomsnitt grunnskulepoeng skal vera 40 eller meir. Landsgjennomsnittet 2016/2017 er 41,4 poeng; Gol sine resultat 2016/2017 er 39,2 poeng. Andel elevar med mindre enn 30 grunnskulepoeng skal vera under 10%. Gjennomsnitt for dei siste fire åra er 19,9%.

### Kjenneteikn på god måloppnåing i eiga læring:

- Elevane er engasjerte og medverkande i eiga læring
- Elevane veit kva dei skal lære og kva mål dei skal arbeide mot
- Eleven opplever lærelyst, motivasjon og meistring
- Alle elevane er inkluderte og oppleve at dei høyrer til sosialt
- Lærarane vurderer jamleg sine arbeidsmåtar og elevane sitt læringsutbytte
- Lærarane gir elevane høve til å vere aktive og medverkande
- Lærarane viser omsorg for elvane og viser at dei bryr seg om dei
- Leiinga legg jamleg til rette for refleksjon, erfaringsdeling og kompetanseutvikling i arbeidet med læringsleiing
- Skulen er ein lærande organisasjon som har gode system og rutinar som fremjar god læringsleiing
- Føresette kjenner skulen sine mål og er involvert i elevane sitt læringsarbeid, jf rettleiande plan for foreldremøter
- Foreldra opplever samarbeidet med skulen som positivt
- Foreldre er engasjerte og medverkande i barna si læring
- Elevar frå Gol kommune fullfører vidaregåande skule



### Føresetnader for å lukkast med det overordna målet:

#### Skule-heim samarbeid

Foreldre er ein viktig ressurs og skulen har klare forventingar til foreldre. Foreldre har hovudansvar for oppseding av barnet og barnet si utvikling. Skulen har hovudansvaret for å sikre god dialog og godt samarbeid med foreldra og involvere dei i læringsmiljø og læringsarbeid. Foreldra er viktige for

elevenes læring, og lærarar med relasjonell kompetanse byggjer alliansar med foreldra og møter dei på ein profesjonell måte.

Foreldre må vera medspelarar for å skape god relasjonar elevane i mellom.

I skulen sin årsplan er det lagt opp til foreldremøter og foreldresamtaler. Skulen og foreldre arbeider for å skape nettverk foreldregrupper imellom. Foreldreskule og foreldrerettleiing i samarbeid med helseavdelinga er tiltak for å betre kvaliteten på samarbeidet skule - heim.

## Overgangar

Der er ein innarbeidd rutine ved overgangen barnehage -skule og mellomtrinn-ungdomstrinn.

Overgangen frå ungdomstrinn til vidaregåande skule har stor merksemd. Det er eit formalisert samarbeid mellom grunnskulen og vidaregåande skule der det blir arbeid for å sikre gode overgangar, og lærarane har eigne faglege forum som ivaretek dette.

## Elevane sin trivsel og læringsmiljø

Eit godt psykososialt miljø er eit vilkår for læring. Skulen skal undersøkje og gripe inn, dersom det er elevar som kjenner seg krenkte. Elevane skal trivast på skulen, det er aktivitetar som skal vera med på å auke trivselen, ut over faglege og pedagogiske tiltak. Skulen har eigne trivselsleiarar.

Elevundersøkinga viser at elevane trivst på skulen, og det er gode relasjonar elevane i mellom og mellom lærar og elevar. Skulen arbeider for å få ned tala som gjeld mobbing.

Skulen nyttar ulike program og metodar for å leggje til rette for eit best mogelegleg psykososialt læringsmiljø, der livsmeistring er det overordna målet. Spekter, MOT, Zippys vener, Kjærleik og grenser, er døme på slike program. I dette arbeidet er det også fokus på nettvett.





Relasjonen mellom lærar og elev har betydning for eleven sine læringsresultat og åtferd. Læraren sin vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den enkelte, vere støttande og ha forventningar om utvikling, er viktig for å bygge ein positiv relasjon. Elevane skal vite at lærarane bryr seg om dei.

Dette er viktig for alle elever, og særleg viktig for elevar som av ulike grunnar strevar på skulen.

Ein støttande lærar viser både emosjonell og fagleg støtte. Emosjonell støtte kan vera knytta til eleven sin sosiale situasjon. Fagleg støtte handlar om at relasjonen er preget av varme og interesse for at elevane skal meistre, og at dei held oppe motivasjonen for læring. Eleven må vite kva læraren ventar av eleven. Det må vere ein gjensidig respekt og tillit som gjer at lærar og elev kan vere saman om arbeidet som skal gjerast.

Læraren og leiinga sin relasjonskompetanse er avgjerande for både elevane si læring, god vurderingspraksis og utvikling av læringsmiljøet.

Utvikling av gode relasjonar til alle elevar og emosjonell støtte i læringsarbeidet gjer at klimaet i klassen blir trygt. Gode relasjonar lettar læringsdialogen og gjer at eleven lettare kjenner seg verdsatt. Samtidig er det slik at gode relasjonar er smittande. Det er betre relasjonar mellom elevane og mindre mobbing og krenkingar i klasser der lærarane har gode relasjonar til elevane.

## Elevane si læring

### Faglege prestasjonar

Resultata i Gol har for ofte vore under landsgjennomsnittet i faglege prestasjonar. Det gjeld nasjonale prøver på 5. trinn, 8. og 9. trinn, det gjeld grunnskulepoeng, standpunkt karakterar og

eksamenskarakterar på 10. trinn. Forsking viser at det er stor samanheng mellom grunnskulepoeng og gjennomføring på vidaregåande skule.

Det er skilnader i læringsresultata mellom kjønna, og gutane i Gol skårar jamt over dårlegare enn jentene. Slik er det også på nasjonalt nivå. Resultata for gutane ligg under landsgjennomsnittet for gutar. Resultata for jentene ligg i stor grad ligg over landsgjennomsnittet for jenter. Gol kommune har ei forventning om at gutane generelt skal heve seg fageleg sett.

God undervisning vil gjera at eleven når så langt han kan. For Gol kommune er det viktigast at ein over tid ser at det er positive tendensar i utviklinga av læring.

### Tilpassa opplæring

Alle elevane skal ha ei opplæring som er tilpassa den enkelte elev jf krav i Opplæringslova § 1-3. Skulen løyser dette på mange måtar, dels ved variasjon i undervisninga og læringsformer, ved ulik samansetting av elevgruppene i dei ulike faga og ved individuelle oppgåver. For å få engasjerte elevar, er det formålstenleg å nytte elevaktive arbeidsmåtar i undervisninga. Skulen nyttar ulike typar hjelpemiddel for elevar som treng særskild tilrettelegging (lydbøker, skrivestøtteprogram, doble sett lærebøker m.m.). Ved god tilpassa opplæring og fokus på tidleg innsats, vil færre elevar ha behov for spesialundervisning. Skulen skal bruke alternative opplæringsarenaer for eleven når dette er tenleg.

### Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er definert i kunnskapsløftet; lese, skrive, rekne, utrykkje seg munnleg, digitale ferdigheiter.

### Rekning

Alle elevane skal forstå prinsippa for dei fire rekneartane. Elevane skal ha automatisert ferdigheitene innan dei 4 rekneartane innan 7. klasse. Elevane skal også ha ei forståing av personleg økonomi. Elevane skal kunne nytte rekning i praktisk arbeid. Elevane skal stimulerast til lærelyst. Gjennom undring og refleksjon skal dei utfordrast til å forstå.

Det er viktig at matematikkopplæringa ivaretek elevens ibuande interesse og forståing for tal, system, former og konstruksjonar. Konkretiseringsmateriale og gode digitale læremiddel er med på skape forståing, lar eleven bygge på eigne erfaringar og set matematikken i ein praktisk samanheng. Særleg dei første åra er det viktig at matematikken ikkje berre blir abstrakte talsymbol. Det er også viktig at elevane ikkje opplever at matematikk er vanskeleg og uforståeleg fordi matematikkboka bli styrande for undervisninga.

Skulen må drive eit systematisk utviklingsarbeid for å heve matematikk-kompetansen til elevane. Lærarar med vidareutdanning i matematikk må bruke kunnskapane sine til beste for heile skulen, og ein må ta i bruk metodar for kollegaveiledning og pedagogisk vandring for å dele gode metodar som verkar. Systematisk kartlegging og tidleg innsats for elevar som strevar må motverke at elever «dett av lasset». Ein eigen mattelærer (på same måten som skulen har ein leselærer) vil kunne rettleie kollegaer og gi god tilpassa opplæring til grupper av elevar som må ha særskilt tilrettelegging. Skulen bør søke veildning frå ein høgskule eller eit kompetansesenter for å drive dette utviklingsarbeidet.

Lærarane skal ha naudsynt analysekompetanse for å finne ut korleis elevane deira lærer og kva dei har lært.

### *God leseugleik*

Felles Løft for tidleg innsats er eit prosjekt som no er avslutta. Her var det fokus på leseugleik. Dette arbeidet har no gått inn i ordinær drift. Det blir laga ein eigen leseplan.

Gol skule skal vera ein dysleksivenleg skule. Skulen skal ha system for å ivareta elevar med lese- og skrivevanskar.



### Vurdering for læring

Vurdering har stor innverknad på eleven si læring. Ein god vurderingspraksis motiverer og har læring som mål. Det er også viktig at eleven sjølv også kan ha ei realistisk eigenvurdering, og at eleven i samråd med lærar set seg realistiske mål. Det er ulike måtar å gjere ei slik vurdering på, det vil variere med eleven sin alder, men også kva område som skal vurderast.

### SFO

Skulefritidsordninga er eit tilbod om tilsyn, omsorg og aktivitet før og etter skuletid for elevar frå 1.-4. trinn og for elevar med særskilte behov opp til 7. trinn. Det er viktig med eit nært samarbeid mellom skule og SFO slik at ein byggjer på felles verdiar og følgjer dei same prinsippa i det sosial-pedagogiske arbeidet. Det er eit mål at SFO skal vera ein arena som støttar opp under skulens arbeid når det gjeld sosial, emosjonell og fagleg læring og utvikling.



## Verkemiddel for å nå måla - kompetanseutvikling

Kompetanseutviklinga er forsknings- og kunnskapsbasert. Lærarane skal aktivt nytte statistiske data frå eigne elevar, (nasjonale prøver, foreldre- og elevundersøking, grunnskulepoeng, eksamensresultat, standpunktarakter) og sjå på enkeltelevar si utvikling over tid.

## Etterutdanning/kollektivt utviklingsarbeid

Gol skule er ein lærande organisasjon. Gol skule skal vera aktivt med i det regionale pedagogiske utviklingsarbeidet; «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Skuleleiinga skal delta i leiarsamlingar regionalt og nasjonalt. Hallingdalskommunane gjennomfører satsinga i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

## Vidareutdanning

Alle lærarane skal ha formell kompetanse på dei aktuelle trinna i dei faga dei underviser i. Dei som ikkje har naudsynt formell kompetanse, skal ta vidareutdanning.

## Skuleeigar

Kommunestyret er skuleeigar og har det overordna ansvaret for å følgje opp skulen, slik at elevane trivst på skulen, at dei får god sosial kompetanse og at dei strekkjer seg så langt dei kan fagleg, ut frå sine læreføresetnader. Kommunestyret må sikre tilstrekkelege økonomiske rammer til ei kvar tid.

Skuleeigar skal vere støtte for skuleleiinga i arbeidet med å nå måla som er sett i denne planen som gjeld livsmeistring med fokus på trivsel og lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheit.

Skuleeigar har klare forventingar til skulen:

- Skulen skal sørgje for samarbeid med heimen. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skulen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring. (Forskrift til opplæringslova §20-1 Foreldresamarbeid i grunnskolen og vidaregåande opplæring)


## LÆRELYST - Kvalitetsplan for Gol Skule 2018-2021

- Personale som verdset kontinuerleg læring, kreativitet og utvikling gjennom individuell og kollektiv handling
- Utstrekkt bruk av erfaringsdeling og kvardagslæring (kompetansedeling)
- Eit personale som har evne og vilje til kritisk tolking av egne oppfatningar og eigen praksis
- Ein trygg organisasjon som er prega av samspel, samstemtheit og klare målsettingar
- Ein velfungerande organisasjon der personalet opplever at dei er ein del av eit fellsskap og ikkje står åleine med ansvaret for læringsresultatet
- Ei synleg leiing som evnar å utnytte skulen sine materielle og menneskelege ressursar i ein felles retning
- Eit tydeleg rektor som utøver pedagogisk leiing gjennom tydelege føringar for skulen sitt læringsarbeid (læringsleiing)
- Lærarar som tydeleg leier elevane si læring (læringsleiing) og som lojalt følgjer opp lover og forskrifter



## Vedlegg:

### Årshjul for skuleeigar




## Innspeil frå Gol ungdomsråd

- Ungdomsskolen må skilles fra barneskolen.  
Skap en overgang sanna at det er en forskjell.  
Ungdomstrinnet skal ha noen privilegier
- Variasjon i læringsmetodene.  
Bruke kroppen fysisk ved å "være med i" undervisningen.  
Praktisk i den teoretiske undervisningen.  
Arbeide med medelever lærer du det en annen elev sier. Sitte i ring og diskutere og snakke om temaet.
- Presentasjoner som ikke telles på karakteren.  
Kahoot skal ikke brukes som å vurdere, men som variasjon
- Kor lærer du best?
  - Ute?
  - Inne?
  - Et annet sted enn bare i et klasserom.
- Lærerne er dårlige til å sette en variert mengde prøver. (Veldig lite første halvåret, masse andre halvår)
- Mindre karakterer og mer gruppesamtaler og elevvurdering
- 10. klasse er veldig stress. ("Vorstet året å gå på skole")
- ~~Kunne~~ levere tekster flere ganger for å rette opp "feil" etter vurdering

[Skuleporten lenke](#)

Her ligg tilgjengeleg statistikk og undersøkingar for læringsmiljø, læringsresultat og ressursar for Gol kommune, fylkesnivå og nasjonalt.

Skuleporten Kontakt | Kalender | Hjelp | Om Skuleporten  Utdanningsdirektoratet

Grunnskole ^ Videregående skole v Fag- og yrkesopplæring v Verktøy v Søk i Skuleporten

Oversikt	Fakta om opplæringa	Læringsmiljø	Læringsresultater	Ressurser	Gjennomføring
Her finner du tall og indikatorer fra utvalgte områder  Realfagsbarometer	Elevlar, lærarar, skolar	Elevundersøkelsen  Elevundersøkelsen - deltakelse	Standpunktkarakterer Trinn 10  Eksamenskarakterer Trinn 10  Grunnskolepoeng Trinn 10  Nasjonale prøver 5. trinn  Nasjonale prøver ungdomstrinn  Nasjonale prøver - fritatt og ikke deltatt	Undervisningspersonell  Økonomi Ikke skolenivå	Overganger Ikke skolenivå

\* Økonomi og overganger finnes ikke på skolenivå.